



FITJAR



*Foto: Mone Nilsen*

# Årsmelding 2019

for Fitjar kommune

## Innholdsliste

ORDFØRAREN HAR ORDET.....	3
FOLKEVALDE OG RÅDSMEDLEMAR.....	4
POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING .....	6
ETIKK.....	7
RÅDMANNEN SI INNLEIING.....	8
ØKONOMI OG DRIFTSRESULTAT .....	9
ETAT FOR HELSE OG OMSORG.....	11
ETAT FOR OPPVEKST OG KULTUR.....	17
ETAT FOR PLAN-, UTVIKLING OG TEKNISK.....	21
ADMINISTRASJON .....	26
INVESTERING.....	28

## ORDFØRAREN HAR ORDET

### **Gode Fitjarbuar, hytteeigarar og alle fitjarvenner.**

Fitjar kommune, med dei folkevalde representantane og sine 340 tilsette, har lagt bak seg enno eit år for å gje gode tenester for folket. I årsmeldinga kan du lesa meir om kva som er oppnådd gjennom året 2019.

### **Kommunevalet**

Fitjar kommune skal vera arena for eit aktivt og godt lokaldemokrati, der folket skal styra gjennom representantar som er valde inn i kommunestyret. Ved kommunevalet sist haust var me 2438 personar som hadde stemmerett i Fitjar. Av desse var det 71 % som nytta seg av retten, medan talet nasjonalt var 65 %. Det er positivt at folk framleis ser mening i å vera med å påverka kven som skal styra kommunen dei neste fire åra.

Det nye kommunestyret tok til i tenesta den 16. oktober Eg vil her retta ei stor takk for innsatsen til ordførar Wenche Tislevoll og dei andre kommunestyremedlemene som gjekk ut av lokalpolitikken dette året

Eg er stolt og audmjuk av å ha fått tillit til å vera ordførar for denne flotte kommunen. Saman med dei 16 andre dugande og engasjerte medlemene i kommunestyret håpar eg å kunna vera med å bidra til trivsel, aktivitet og god utvikling for Fitjarbygda.

### **Eit utval av hendingar å gleda seg over**

Mykje positivt har hendt i Fitjar kommune i 2019. Eg har teke med eit lite utval:

- Godt økonomisk resultat
- Redusert sjukefråvær
- Ny fløy på sjukeheimen
- Miljøgate gjennom sentrum
- Tankbil for brann- og redning
- Nytt dekke på kunstgrasbanen
- Restaurering på Smedholmen
- Ladestasjonar for El-bilar
- Siger i kampen om Fitjar vgs.
- Høg aktivitet i næringslivet
- Stor innsats i frivillig sektor



### **Fitjar framover**

Eg er optimistisk når det gjeld Fitjar kommune si framtid. Lokalsamfunnet vårt, og Sunnhordlands-regionen som me er ein del av, har svært mykje godt å byggja på. Me har gode offentlege og private tenester, rikt næringsliv og eit mangfald av arbeidsplassar rundt oss. Det manglar heller ikkje på gode plassar å bu, eller kultur- og fritidsaktivitetar.

Alt dette gjer at eg med stort frimod driv Fitjar-reklame mot unge familiar og andre som vil ha ein god stad å bu. Eg håpar alle som er glade i Fitjar kan vera med og tala vel om bygda vår. Det kan faktisk vera med å påverka korleis utviklinga hos oss vert framover.

### **Dei som gjer jobben**

Når me les vidare i årsmeldinga, ser me at Fitjar kommune som organisasjon har eit svært omfattande arbeidsfelt. Det skal leverast livsviktige og gode tenester til innbyggjarane 24 timar i døgeret, kvar einaste dag, heile året. Ingenting av dette kjem av seg sjølv. Kommunen har ein stor flokk med trufaste og høgt kompetente arbeidstakarar som står på for å levera. Eg reknar med å ha alle i Fitjar med meg når eg rettar ei stor takk til rådmannen og medarbeidarane for innsatsen dei har lagt ned for folket i Fitjar gjennom året 2019.

Venleg helsing

Harald Rydland, ordførar

## FOLKEVALDE OG RÅDSMEDLEMAR

Fram til konstituering av nytt kommunestyre 16.10.2019

### **Kommunestyret**

Wenche Tislevoll (ordfører), Agnar Aarskog (varaordfører), Arne Prestbø, Annar Westerheim, Terje Træet, Vigdis Røen Leirvik, Torstein Grimen, Bjørg Karin Tislevoll, Ole Bergesen, Bente Karin Isdahl, Grete Marit Veka Maraas, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Harald Rydland, Dagfinn Brekke, Sigurd Andre Maraas, Bård Inge Sørfonn, Odd Jarl Larsen.

### **Formannskapet**

Wenche Tislevoll, Agnar Aarskog, Arne Prestbø, Sigurd André Maraas, Dagfinn Brekke.

### **Utval for plan og miljø**

Torstein Grimen, Annar Westerheim, Bente Karin Isdahl, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Bård Inge Sørfonn.

Etter konstituering av nytt Kommunestyre 16.10.2019

### **Kommunestyret**

Harald Rydland (ordfører), Sigurd André Maraas (varaordfører), Bård Inge Sørfonn, Rune Helland, Rolf Atle Rolfsnes, Turid Marie Lambach Fitjar, Astrid Koløen Prestbø, Kristian Skumsnes, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Grete Marit Veka Maraas, Frank Solli, Jo Kjetil Strand, Arne Prestbø, Kristine Kleppe Dalen, Kjell Nesbø, Angunn Bårdsen, Ole André Ertsås Westerheim

### **Formannskapet**

Harald Rydland, Sigurd André Maraas, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Kjell Nesbø, Jo Kjetil Strand

### **Utval for plan og miljø**

Bård Inge Sørfonn, Kristian Skumsnes, Turid Marie Lambach Fitjar, Kristine Kleppe Dalen, Angunn Bårdsen

### **Utval for oppvekst og omsorg**

Grete Marit Veka Maraas, Vigdis Røen Leirvik, Terje Træet, Ole Bergesen, Harald Rydland.

### **Kontrollutvalet**

Gro Rydland, Stein Arild Aarskog, Geirmund Aga, Rune Helland, Odd Jarl Larsen.

### **Eldreråd**

Eva Pernille Tufteland, Arvid Ole Refvik, Torunn Johansen, Trude Miland Helland, Grete Marit Veka Maraas.

### **Råd for funksjonshemma**

Kari Fjugstad Giske, Geir Tore Søreide, Bente Volden Mjønes, Johnny Westvik, Harald Rydland.

### **Ungdomsråd**

*Første halvdel av 2019*

Oda Volden De Fine, Romante Zemgulyte, Tuva Nysæther, Hanan Anwar Ahmed, Ida Marie Sandvik, Julian Helland, Julie Torvund Midtsæther, Mathilde Øien Kloster, Sondre Fitjar, Eirin Moldestad Oma, Eline Fitjar Hjelle, Tori Vestbøstad.

### **Utval for oppvekst og omsorg**

Grete Marit Veka Maraas, Rune Helland, Astrid Koløen Prestbø, Geirmund Aga, Ole André Ertsås Westerheim

### **Kontrollutvalet**

Bjørg Tislevoll, Kjell Aleksander Skogsrud, Jostein Sandvik, Gro Rydland, Frank Solli

**Eldreråd**

Dagfinn Lyngvær, Gunnbjørg Kristin Vik, Ole Anders Haukeland, Hilde Karin Tufteland, Grete Marit Veka Maraas

**Råd for funksjonshemma**

Geir Tore Søreide, Sissel Jørgensen, Sunniva Tveita, Sigrid Fangel, Astrid Koløen Prestbø



**Ungdomsråd**

*Andre halvdel av 2019*

Oda Volden De Fine, Romante Zemgulyte, Tuva Nysæther, Hanan Anwar Ahmed, Ida Marie Sandvik, Julian Helland, Julie Torvund Midtsæther, Mathilde Øien Kloster, Sondre Fitjar, Marius Vik, Victoria Malene Maraas, Elise deFine Olsen, Rune André Holmedal.

<b>Politiske utval 2019</b>	<b>Tal møte</b>	<b>Handsama saker</b>
Kommunestyret	8	74
Formannskapet	11	87
Utval for plan og miljø	8	75
Utval for oppvekst og omsorg	6	52
Ungdomsrådet	8	27
Eldrerådet	7	52
Råd for funksjonshemma	4	26

# POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING



## Organisasjonskart

## ETIKK

Vedtekne verdiar og etiske retningslinjer dannar grunnlaget for dei vala som vert gjort av både folkevalde og tilsette, i møte med etiske utfordringar i arbeidssituasjonar. Det er dei faktiske handlingane til hos både tilsette og folkevalde som dannar grunnlaget for kommunen sitt omdømme hos både innbyggjarar, naboar og institusjonar.

I Fitjar kommune vert dei etiske retningslinjene revidert og stadfesta i starten på kvar kommunestyreperiode. Dette gir forankring på høgaste nivå – og stiller eit klart krav til både folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinjene skal være av overordna karakter, og er ikkje detaljerte regler. Dei er meint å være generelle rettesnorar som igjen krev refleksjon av den enkelte tilsette.

Stadfestinga set og etikk på agendaen, både for folkevalde og tilsette. I det daglege ligg dei etiske retningslinjene tilgjengelege for både grupper i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo. Ved nytilsettingar får den enkelte opplæring i dette systemet, og vert gjort kjent med reglane og retningslinjene i kvalitetssystemet.

Eigarskap og verv som folkevalde og tilsette i kommunen blir automatisk registrert i KS Styrevervregister. Registeret er offentleg tilgjengeleg, noko som både gir transparens og forenkler kontroll av at dei etiske reglane om interessekonfliktar vert halde. Ved både administrativ og politisk handsaming er det fokus på habilitet – utan at ein førebels har funne det naudsynt å utarbeide særskilte retningslinjer for dette.

Fitjar kommune deltar i Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, som i 2017 starta arbeidet med å revidere både anskaffingsstrategien og -reglementet. Desse skal sikre at kommunen utviser samfunnsansvar i sine anskaffingar, opptre med avklarte roller, og stiller etiske krav til leverandørar for å hindre sosial dumping.

For å sikre etterleving av lovverk har kommunen etablert system og retningslinjer for avviksrapportering i kvalitetssystemet Compilo. Dette inneheld ein eigen del for varsling av alvorlege forhold. Dette gjer den

tilsette anledning til å rapportere om kritikkverdige forhold etter AML § 2-A1

Avvikssystemet gjer automatisk verneombod innsyn, samstundes som den valde leiar får melding. Ved bruk av varslings-tenesta vert assisterande rådmann varsla. I begge tilfelle vil saker kunne ende opp til handsaming i Arbeidsmiljøutvalet.

# RÅDMANNEN SI INNLEIING

## Økonomisk resultat

Ansvar	Forbruk	Budsjett	Avvik
Helse og omsorg	97 289 900	98 207 890	917 989
Oppvekst og kultur	78 005 788	80 107 774	2 101 986
Plan, utvikling og teknisk	24 306 250	23 801 419	-504 831
Politisk leiing	3 502 311	3 586 023	83 712
Administrasjon	12 697 262	12 791 462	94 200
Økonomisk forvaltning	-222 100 564	-218 495 296	3 605 268
<b>Sum</b>	<b>-6 299 053</b>	<b>-727</b>	<b>6 298 326</b>

Fitjar kommune har i 2019 skapt eit godt økonomisk resultat med eit mindreforbruk på 6,3 mill. kr. og eit netto driftsresultat på 2,0 %. Årsaka til dette er i hovudsak.

- Dei alle fleste av kommunen sine einingar har levert sine tenester innanfor budsjetttramma, og slikt skapt eit mindreforbruk i organisasjonen.
- Kommunen sine inntekter har vorte styrka i løpet av året, mest grunna auken i nasjonal skatteinngang og noko frå Havbruksfondet.
- Pensjonskostnadane har vore lågare i SPK.

## Om organisasjonen

2019 Årsverk	Antall tilsette	Antall årsverk
Fast tilsette	295	227,33
Vikarar/midlertidig med stillingsbrøk	54	27,45
	349	254,78

## Kvalitet i kommunale tenester

Kvalitet i kommunale tenester viser seg gjennom resultat for brukarane, fagkompetansen som våre tilsette har, deling av kunnskap med kollegaer uansett sektor, og anvendt kunnskap, engasjement og respekt i møtet med brukane av våre tenester. Kompetanse og grunnbemanning er dokumentert i kommunens sine

kompetanseplanar, KOSTRA, GIS osv. Grunna vesentleg strammare kommuneøkonomi vert det jobba systematisk med fem omstillingsområde i organisasjonen. Kommuneplanen sin

samfunnsdel har vore eit tverrfagleg arbeid i 2019. 12% av innbyggjarane i Fitjar har deltatt direkte i medverknadsprosessen.

## Sjukefråvær

Sjukefråværet i organisasjonen samla var på 7,1 % . Dette er ein nedgang på - 0,4 prosentpoeng frå 2018, og ei positiv utvikling

men framleis høgare enn målet på under 6 %. Om lag halvparten av einingane har under 6 %. Etat for plan- teknisk og SFLMK har det lågaste sjukefråværet mellom 0 - 4,4 %. Helse- og omsorgs-tenestene har det høgste sjukefråværet med eit snitt på 9,26 % men med ei svært positiv utvikling på Fitjar Bu- og behandlingssenter med - 4,1 % i 2019.

## Likestilling

Fitjar kommune har om lag 85 % kvinner og 15 % menn som tilsette. Me har 17 kvinner og 10 menn i leiande stillingar, frå rådmannsnivå t.o.m. avdelingsleiarnivå. I den administrative toppleiinga er det 2 kvinner og 3 menn. 110 tilsette jobbar fulltid og 239 tilsette jobbar deltid, talet inkluderer vikarar og midlertidige tilsette. Gjennomsnittleg stillingsbrøk for deltidsstillingar er 45 % . Dette talet inkluderer 12 brannmenn sine stillingsbrøkar som er 1,2 %

## Om påverknad på ytre miljø

Fitjar kommune har ikkje vesentleg aktivitet som påverkar det ytre miljøet på negativ måte, med unntak av tenestebilar med fossilt brensel, ein del innkjøp og investeringar.

## ...når forandringa sin vind bles»

Fitjar kommune har ein krevjande økonomisk situasjon. Omstilling pågår i alle etatar i organisasjonen i tråd med vedtekne mål i økonomiplanen 2019 - 2022. Rådmannen vil gje ros til leiarar og medarbeidarar for deira omstillingsvilje, nyskaping og lojalitet.

## ØKONOMI OG DRIFTSRESULTAT

### Generelt


Rekneskapen i 2019 viser god økonomisk styring i alle einingar. I tillegg snudde den negative trenden for skatteinngangen. Meir skatt både lokalt og på landsbasis gav 3,0 mill. i meirinntekter.

Skatteinngangen vart 88,6 % av landsgjennomsnittet. Dette er ein god betring frå året før då Fitjar hadde 83,3 %. Kommunen fylgjer gjennom inntektsutjamninga i rammetilskotet, den nasjonale skatteveksten, slik at 60 % (95 % under 90) av meir- eller mindreinntekter vert utjamna. Også nasjonalt vart skatteinngangen betre enn venta.

Eigedomsskatten vart vidareført på same nivå og same grunnlag i 2019 som i 2018.

### Driftsresultat

Brutto driftsresultat vart 8,7 mill. mot 20,1 mill. i 2018. I 2018 fekk me 12,4 mill. utbetalt frå Havbruksfondet. I 2019 vart utbetalinga 0,9 mill. Netto driftsresultat, etter finanspostar, vart 6,0 mill. i 2019 mot 17,5 mill. året før. Vedteke måltal for netto driftsresultat er 1 % av driftsinntektene. Kommunen hadde 2,0 % i 2019. Dette er ned frå 5,4 % i 2018.



Unytta øyremerkte tilskot vert sett på fond, og vert teke inn att når dei vert nytta. Ein får meir- eller mindreforbruk etter avsetjingar og bruk av slike fond. Fitjar hadde eit mindreforbruk på 6,3 mill. i 2019, og det er desse midlane kommunestyret skal disponere i sak om årsrekneskap. I 2018 hadde Fitjar 16,6 mill. i mindreforbruk.

### Måltal

Kommunestyret vedtok i november økonomiske måltal i samsvar med ny forskrift.

Indikator	Mål	Resultat
Sunnheit	> 1 %	2,0 %
Gjeldsbelastning	< 90 %	79,3 %
Renteeksponering	< 0,2 %	0,1 %
Likviditet	> 17 %	19,4 %
ROBEK	> 10 %	14,1 %

### Utgifter


Resultat og avvik på einingane er kommentert ut frå budsjettskjema 1B og underliggjande dokumentasjon. Budsjettskjema 1B er utgifter før eventuelle avsetjingar og finanstransaksjonar er teke omsyn til. Sjølvkostområde er kommentert ut frå sjølvkostrekneskapen.

### Pensjon

Både pensjonsforplikting og pensjonsmidlar er estimerte storleikar. Fjorårets beløp vert korrigert i løpet av året til faktisk beløp. Deretter vert årets tilgang lagt til, og ein får estimerte beløp ved årsslutt. Korrigeringa vert kalla estimatavvik. Dette er ikkje ei utgift og vert difor ført direkte mot kapitalkontoen.

Samla pensjonsforplikting var ved årsslutt 357,9 mill., der 293,4 mill. var i KLP og 58,9 mill. i SPK. Dette er ein auke på 8,2 mill. siste året. Samla pensjonsmidlar vart samstundes 311,8 mill., der 264,5 mill. var i KLP og 47,3 mill. i SPK. Dette er ein auke på 11,4 mill. i 2019.

Premieavviket er utgifter ein allereie har pådratt seg, men ikkje utgiftsført. Det vert avskrive (utgiftsført) over 7 år. Premieavviket auka med 3,0 mill. samla; 2,5 mill. i KLP, og i SPK med 0,5 mill.



Samla pensjonskostnad vart 17,6 mill. etter fråtrekk av arbeidstakar sin del. Dette er 0,2 mill. mindre enn i 2018. Det var budsjettert med 18,5 mill. i 2019.


#### Investeringar og lånegjeld

Fitjar kommune har investert for 55,3 mil. brutto i 2019. Dette er 40 mill. meir enn i 2018, og noko over budsjett. Investeringane er finansiert med mva.-refusjon (10 mill.), tilskot (23,3 mill.), og bruk av lån (22,1 mill.).

Den absolutt største investeringa var ombygginga på Fitjar bu- og behandlingssenter med ei bruttoinvestering på 30,4 mill. i år.

Det vart teke opp lån til investeringar på 23,8 mill. i 2019 (12,5 mill. året før). Avdrag i drift er no komme opp i 10,3 mill. mot 9,8 mill. i 2018.

Samla lånegjeld per 31. desember var 248,5 mill. som er ein auke på 12,1 mill. siste året.



Deler av renteporteføljen er sikra anten med fast rente eller med rentebytteavtalar (SWOP). Rentebytteavtalar har same verknad som eit fastrentelån og gav negativ margin samanlikna med flytande rente også i 2019. Samansetninga av renteutgifter, fastrenteavtalar og renteinntekter er slik at kommunen er lite utsett for rentesvingingar.

#### Finans

Likviditeten har vore god gjennom heile 2019. Dette skuldast oppbygging av ubundne fond dei seinare åra, både disposisjonsfond og ubunde investeringsfond. Disse midlane vert nytta som driftslikviditet. Disposisjonsfondet er oppsamla mindreforbruk (overskot), og investeringsfondet er i hovudsak unytta midlar frå Havbruksfondet i 2016 og 2017 knytt til ein grøn konsesjon kvart av åra. Innlånsrenta vår er basert på flytande rente i pengemarknaden (NIBOR) med ein margin til kredittinstitusjonane. Det generelle rentenivået (NIBOR) gjekk opp i 2019.

Gjennomsnittleg nivå på 3. månaders NIBOR var 1,5 % i 2019. Budsjettert NIBOR var 1,6 % (opphavleg budsjett), og budsjettert gjennomsnittsmargin var 0,44. Gjennomsnittleg lånerente i 2019 vart om lag 2,16 %.

Kommunen har også inntektselement knytt til rente. Statlege kompensasjonar som fylgjer rentenivået (kompensasjonstilskotet) dekker 27,9 mill., utlån utgjorde 10,4 mill. og VA-lån som blir dekkja over sjølvkostordninga 34,4 mill., pr. 1. januar 2019. Desse utgjorde samla 72,7 mill.

VA-renta fylgjer 5-års SWAP-rente med tillegg av 0,5 %, og hadde eit gjennomsnitt på 2,22 % (2,37 % i 2018). Snittrenta på startlån i Husbanken var 1,88 % i 2019, mot 1,76 % i 2017. Kompensasjonstilskotet er basert på særlege føresetnader, og utgjorde 1,14 % i 2019, som ligg vesentleg lågare enn flytande lånerente.

Det er utarbeida ein finans- og gjeldsforvaltningsrapport med meir informasjon for dette området, og er å finna på innkallinga til kommunestyret 26. februar 2020.

## ETAT FOR HELSE OG OMSORG

### Økonomisk resultat

Helse, sosial og omsorg har i 2019 mindreforbruk på omlag 0,9 mill. i etaten, nokre einingar har mindreforbruk og andre har meirforbruk. Resultatet er påverka av fleire tilhøve:

- Leiarane har hatt god styring, vore tett på drifta og hatt fokus på resultat/budsjett.
- Einingane har vore styrka av prosjektmidlar.
- Sal av sjukeheims plassar til Stord, utover det som var budsjettert ca. 0,3 mill.
- Det har vore minimum av vikarinneleige ved sjukdom.
- Barnevernet har meirforbruk på kr 0,55 mill. i høve til budsjettjusteringa.
- Innslagspunktet på ordninga ressurskrevjande tenester er auka, og gjev eit samla meirforbruk på omlag kr 0,7 mill.

### Felles

Det har gjennom 2019 vore ein prosess med iverksetting av ny organisering av etaten. Ein har bygd etaten med tanke på gode pasientforløp og kompetansemobilisering. I prosessen har ein hatt mål om å tydeleggjere leiarroller og oppgåver på ulike leiarnivå, og ein har omdisponert leiarressurs frå einingsnivå til avdelingsnivå. Vidare så har ein lage nye tenestestandardar, kompetanseplan og ein er no i slutfasen med plan for innføring av omsorgsteknologi.

Ein har søkt og fått innvilga statlege prosjektmidlar til ulike føremål innafør helse- og sosiale tenester, på om lag 4,5 mill. Arbeidet med prosjektmidlar krev mykje oppfølging til forarbeid med mål og tiltak, og etterarbeid med rapportering og evaluering.

### Måloppnåing

Omtale	Målsetnad for 2019	Oppnådde mål 2019
<b>NAV</b>		
Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.	Andel sosialhjelps-mottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane, skal vera <3,0	I dag har ein 91 brukarar som har fått sosialhjelp
	Gjennomsnittleg stønadslengde mottakarar 18-24 år, skal vera <4	NAV har ved hjelp av prosjektstillingar starta tilbod for ungdommar utanfor arbeidslivet «Laget». Ein ser at mange av desse har komme vidare i ulik aktivitet, arbeid, skule, avklara mot andre stønader. Ein har og NAV i vidaregåande som er eit tiltak for å få ungdom ut i aktivitet: Det er 19 brukarar i denne aldersgruppa.
	Sosialhjelpsmottakarar med stønad i 6 månader eller meir, skal vera < 25	I dag er måltalet 45
<b>Pleie – og omsorg</b>		
Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.	Andel årsverk i brukarretta tenester m/ fagutdanning, skal vera > 80	Fitjar kommune ligg med måltal 85,8
	Årsverk av psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjar, skal vera > 10	Fitjar kommune ligg med måltal 15,4
	Årsverk med vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggjar, skal vera >12,5	Fitjar kommune ligg med måltal 15,7
	Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.	Lagt til rette gjennom omstillingsarbeid, stillingsomtalar og kompetanseplan

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.	Bruk av omsorgs-teknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester.	Gått over til digitale tryggleiksalarmar. Tatt i bruk einskildstadar døralarm, GPS prøver ut medisindispenser. Plan for digitalisering i pleie- og omsorg er under ferdigstilling
	Innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.	Viser til kommentarar over og under her
Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon	Reduserte kostnader i helse- og omsorgstenestene.	Auka plassar på dagtilbod for demente. Gjennomført tenesteanalysar, RO rapport del 1 og 2 vart utarbeida, og danna grunnlag for bemanning frå 2020
Auka innsats på førebygging, eigenmestring og aktivitet motverkar passivitet og einsemd.		Sett i verk 2 tiltak under aktive saman; samarbeid med Fitjar vidaregåande skule, frivilligsentralen. Elevar på Fitjar vidaregåande går heim til personar og har dialog og gjer kjekke ting saman. "Matglede" som er eit samarbeid med frivilligheit sentralen, seniorsenteret og institusjonskjøkenet.
Bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester		Viser til punkta ovanfor
Sjukefråværet skal vera under 6%		Sjukefråværet var på 9,26 %. Ein reduksjon frå året før men over målsetjinga.

### Arbeidsmiljø – HMT

Fitjar kommune har gode rutinar for HMT arbeid i helse, sosial og omsorgssektoren. Der ein ser at det er mange avvik kring uønskt hendingar, utarbeidar ein tiltak for å førebyggje nye hendingar. Sektoren er flink til å melde avvik i Compilo, som og vert handtert på einingane. Det vert årleg gjennomført Risiko og sårbarheitsanalyse i einingane gjennom vernerunden. Einingsleiarane har medarbeidarsamtalar med tilsette og det vert halde personalmøte på dei ulike einingane etter fastsett plan.

### Sjukefråvær

Det har vore ei positiv utvikling av nærværet på FBB, der ein i 2018 hadde eit nærvær på 88 %, var det i 2019 eit nærvær på 91,95 %. Denne positive utviklinga kan ha ein samanheng med årsturnus og møter kring sjukefråvær. På tross av denne positive endringa har etaten eit sjukefråvær snitt på 9,26 % og godt over målsetnaden på 6 %. Etaten jobbar med tiltak for å få ned sjukefråværet.

### Kompetanse og kompetanseheving

Ein ser at det stadig vert lagt eit større ansvar på kommunane til å ta imot utskrivingsklare pasientar, og at sjukdomsbileta til pasientane er meir

komplekse og samansette. Kommunen må ta imot pasientar med store medisinske og medisinske tekniske utfordringar, samt store pleiebehov. Dette krev at tenestene til ei kvar tid har tilgjengeleg høg fagleg kompetanse, og at ein må sjå samhandling på tvers av tenestene. Ein ser at det er aukande utfordringar i pleie og omsorg å få nok vikarar med fagkompetanse til å arbeide helg og som ferievikarar.

Samla sett har helse, sosial og omsorg 126,86 årsverk, fordelt på 196 personar. Av disse har 56 tilsette heiltidsstillingar og 140 tilsette arbeidar i deltidstillingar. Mange av deltidstillingane er knytte til helg. I tillegg har ein 3,5 årsverk som er knytte opp mot prosjektstillingar på NAV og helsestasjonen. Etaten har tilsette som har variert og god kompetanse. Gjennom kompetanseløftet 2019, har kommunen fått midlar som ein har nytta til delfinansiering av:

- 8 tilsette som arbeider i tenester til personar med utviklingshemming deltek på "Mitt livs ABC "
- 1 tilsett går 2. året på fagskule, aldring og demens.
- 3 tilsette gjennomført kurs 2 dg, palliativ omsorg (sjukeheimen)

- 3 tilsette gjennomført kurs 3 dg. x 2 (heimetenesta)
- 3 tilsette deltek i fagskuleutdanninga innan psykisk helsearbeid/rus

Pleie og omsorg har hatt 6 helsefag-lærlingar i 2019 der 2 har teke fagbrev hausten 2019, og 2 nye starta.

Kommunen har godt samarbeid med Fitjar vidaregåande skule, og har hatt elever i praksis gjennom heile året. Dette er positivt for kommunen, då fleire av desse søker sommarjobb og tek ekstravakter. Ein har også sjukepleiestudentar frå Høgskulen på Vestlandet, Stord.

### Digitalisering

Auka bruk av teknologi i omsorgstenesta opnar for nye moglegheiter i utforming av tenestetilbodet. Ein har gjennom 2019 hatt ei arbeidsgruppe som arbeidar med korleis Fitjar kommune kan nyttiggjere seg av e-helsedirektoratet sine tilrådingar av teknologi som er klar for bruk. Arbeidsgruppa er i sluttfasen av ein plan for innføring av omsorgsteknologi ut i drift.

I heimebaserte tenester har ein bytta ut dei fleste tryggleiksalarmane frå analoge til digitale. Einskilde brukarar har tatt i bruk rørslesensor, GPS, fallalarm og ein prøver ut elektronisk medisindispenserar.

På Fitjar Bu og Behandlingsssenter har ein fått på plass eit moderne velferdsteknologisk plattform og eit lokalt pasientvarslings-system der tilsette og bebuarar vert posisjonerte ved hjelp av tilsett-/bebuarsmykke. Posisjonering gjev både passiv og aktiv varsling ved ulike hendingar. «Det mobile vaktrommet» gjev effektiv alarmvisning og -handtering på mobiltelefonar, og vaktromstavla gjev tryggleik dersom nettverk/straum fell ut. Løysinga kan integrerast mot EPJ-system (Gerica/journalsystem). Andre sensorar og løysingar for digitalt tilsyn kan koplast til same plattformar.

Ved NAV har ein tatt i bruk dataverktøyet «DigiSos», som tyder digitale innbyggjartenester – sosiale tenester i NAV. DigiSos gjev nye moglegheiter for digital dialog med brukarane og som gjev ein betre arbeidsflyt internt. Sakshandsamarane får frigjort meir tid til å følgje opp brukarane.

### Barnevern

Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Bømlø og Fitjar. Stord er vertskommune og ansvaret for drifta er delegert frå Fitjar kommune til rådmannen i Stord kommune. I september 2019 opna ein for akuttberedskapsvakt for heile døgeret. Ein arbeider kontinuerleg med å sikre at bekymringar vert fanga opp og meldt så tidleg som mogeleg. Ved årets slutt er det 25 barn som får ein eller annan form for hjelpetiltak gjennom barnevernet. Eininga har eit meirforbruk på 0,5 mill. utover budsjettendringa på 1.430 mill. Meirforbruket er i hovudsak knytt til omsorgsovertakingar i 2019.

### NAV

NAV yt kommunale tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV, og etter Lov om kommunale helse og omsorgstenester. Hovudvekta ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing og særskilte tiltak for rusmiddel-avhengige. Flyktingtenesta (60 % st.) vart overført til NAV for meir effektiv drift frå hausten 2018.

I 2019 vart det fatta 847 vedtak om økonomisk sosialhjelp. Dette er ein nedgang på 68 vedtak frå 2018. Det er registrert 105 brukarar i sosialhjelps systemet (Sosio), ingen endring frå 2018. Resultatet for 2019 syner at det utbetaling av sosialhjelp har stabilisert seg. Dette erfarer ein og har ein samanheng med tverrfaglege måten ein har lagt til rette for å jobbe med på NAV. Frå 2019 kom «Laget» for unge i aldersgruppa 18 til 30 år godt i gang med regelmessige møter kvar tysdag og torsdag frå klokka 11-14. Det har vore ein jamn straum av deltakarar, nokre med lang deltaking og andre med kort. Resultat er at ein har fått 10 personar i ordinært arbeid og 5 personar på arbeidstrening. Kommunen har jobba tverrfagleg.

NAV i vidaregåande skule er eit svært godt førebyggjande tiltak. Stillinga er prosjektfinansiert over 3 år (18-20). Ein kjem tidleg i kontakt med ungdommar som har ulike utfordringar kring skulegang. NAV i vidaregåande deltek i skulen sitt ressursteam, og ein erfarer at tidleg innsats og samarbeid på tvers gjev resultat. Stillinga sikrar at elevar vert plassert inn i hensiktsmessige tiltak og utdanningsløp. Tiltaket er med å redusera risiko for at ungdom fell ut av skulegang og, eller arbeidsretta aktivitet. Tiltaket gjeld ungdommar uansett heimkommune.

noko som heng saman med at ein berre har betalt for fem overliggjardøger for utskrivingsklare pasientar innan somatisk helse. IKS gjekk i økonomisk balanse 2019, inkl. ei disponering av avsetning.

#### Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta skal yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov, og er ein viktig del av eit rehabiliteringsforløp. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogeleg for å betre/oppretthalde brukaren sin funksjon og førebyggja forverring etter sjukdom/skade. Prioritering skjer ut frå behov og alvorsgrad.

Fitjar kommune har 100 % fastløna stillingsressurs, og frå oktober har denne gått mellombels ned i 60 % stilling. Vidare har kommunen 2,2 driftstilskot fordelt på 3 fysioterapeutar. Desse arbeider i hovudsak med diagnostisering, behandling og rehabilitering, i egne institutt.


Fitjar kommune har i dag ikkje ergoterapeut, dermed ligg arbeidet etter med tilrettelegging og bestilling av

hjelpemiddel. Det har i 2019 vore lang ventetid på hjelpemiddelbestilling. Ein ser eit stort behov for å få tilsett ergoterapeut i tenestene, for tilrettelegging av t.d. heimar, hjelpemiddel og førebygging.

#### Helsestasjonen

Helsestasjonen er eit lågterskel tilbod som skal vera med å redusere ulikskapar i helse og legge til rette for at born får ein god start i livet. Tenesta har eit stort fokus på førebyggjande arbeid gjennom nye retningslinjer for helseundersøkingar, vaksinasjon, støtte, rettleiing til gravide, barn, unge og familiar. Nye program vert tekne i bruk.

Tenesta arbeider framleis med å få god saksflyt i høve BTI-strukturen (Betre tverrfagleg innsats), men tenesta opplever ei positiv utvikling kring dette. Dette kan ha ein samanheng med at ein erfarer eit tettare samarbeid med skulane etter at helsestasjonen i samband med omorganiseringa vart lagt til etat for oppvekst og kultur frå august 2019. Dette er og positivt med tanke på å nytte tenesta



Ruskonsulent og miljøterapeut som er utdanna sjukepleiar føl opp personar som har rusavhengigheit og/ eller ein psykiatrisk diagnose, eller som står i faresona for å utvikla eit rusproblem. Rus konsulent og miljøterapeut har overtatt Hasj avvennings oppfølging av ungdom, (HAP); denne tenesta har ein tidlegare kjøpt hjå Stord kommune.

Nemnte tiltak her er i hovudsak arbeida fram gjennom prosjektmidlar og bør innfasast som faste stillingar i kommunen.


#### Interkommunal legevakt, interkommunale døgnenger

Fitjar kommune samarbeider om legevakt i Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS. Under same eining ligg døgnavdelinga, der Fitjar kommune disponerer ei 1/2 døgn seng av dei 4 kommunale akutte døgn sengene og ca. 1/2 døgn seng 5 observasjons-senger. Fitjar kommune har igjennom året nytta observasjonskapasiteten opp mot 60 %,

meir på systemnivå, gjennom undervisning, særleg kring konkrete tema som rus, psykisk helse, pubertet/seksualitet og vald/overgrep. Vonleg vil ein sikre meir likeverdige tilbod ved skulane, og bidra til å utjamne sosiale skilnader.

### Psykiatrisk heimesjukepleie

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem. Tenesta legg stor vekt på tverrfagleg samarbeid og rettleiing av kollegaer. Pr 31.12.2019 har tenesta 55 aktive brukarar i aldersgruppa mellom 18 år og 85 år. I 2019 fekk tenesta 18 nye



søknadar. I tillegg til dei aktive brukarane, føl tenesta opp fleire elevar ved vidaregåande skule, samt at ein har faste dagar der ein er med i LAR-utdeling. Tenesta er viktig, og opplever auka etterspurnad då det er nasjonale forventningar til at kommunen skal kunne tilby hjelp til personar med psykiske vanskar.

### Legesenteret

Fitjar legesenter har i dag to fastlegar, og ein kommunalt tilsett lege som har tilsynsfunksjon på sjukeheimen, er helsestasjonslege og driv ordinær pasientbehandling. Den fastløna legen har i 2019 hatt permisjon frå si stilling, for å ta sjukehuspraksis for allmennlege-spesialisering. Ein har i perioden hatt vikar for legen. Legekontoret har 2,1 kommunale stillingar for kontor- og laboratorietenester. Administrasjonen følgjer tett opp drifta, og har regelmessige

møter med alle som har sin arbeidsstad på legesenteret. Fitjar legesenter har daglegevakt alle kvardagar i tida mellom kl 08 -15. Hausten 2019 har og kontorpersonele starta på kurs for å møte kompetansekravet i forskrifta.

Det vart for 2019 budsjettert ei 16 % stilling for å utarbeide ny smittevernplan. Smittevernplan er eit viktig delplan i Fitjar kommune sin beredskap kring krise-handtering og førebyggjande arbeid. Planen skal opp til politisk handsaming våren 20.

### Pleie og omsorg

Det store «løftet» i tenesta i 2019 har vore ombygging av demensavdelinga på Fitjar bu- og behandlingssenter, FBB.

Det vert stadig lagt eit større ansvar på kommunane til å ta imot utskrivingsklare pasientar, og sjukdomsbiletet til pasientane er meir komplekse og samansette. Dette medfører at ein må ta imot pasientar med store medisinske og medisinsk tekniske utfordringar, med krav om krevjande pleiebehov, også i heimane. I 2019 har kommunen berre betalt for fem overliggjardøger for utskrivingsklare pasientar innan somatisk helse, og to døger for utskrivingsklare pasientar i psykiatrien. Dette trass i stor pågang for sjukeheim-plassar gjennom heile året og spesielt i ombyggingsfasen. Dette krev at tenestene til eikvar tid har tilgjengeleg høg fagleg kompetanse, og at ein må sjå samhandling på tvers av tenestene. Ein ser at det er aukande utfordringar i pleie og omsorg å få nok vikarar med fagkompetanse til å arbeide helg.

### Heimetenesta

Totalt pr.31.12.2019 har tenesta ca. 85 brukarar fordelt på, heimehjelp/praktisk bistand: 55 brukarar, levering av mat frå kjøkkenet v/FBB: 37 brukarar og tryggleiksalarmar: 68 brukarar. Der nokre av brukarane mottek fleire tenester.

På Havnahuset (omsorgsbustader) er bebuarane vorte eldre og hjelpebehovet er såleis *aukande*, og ein observerer at det det er tyngre pleie gjennom heile døgeret. Den største gruppa eldre er over 90 år, og ytrar ønskje om å bli buande på Havnahuset.

«Pleietyngda» er utfordrande då bygningsmassen ikkje er laga for denne type brukargruppe, det er til dømes små og tronge bad som gjer det vanskeleg å bruke hjelpemidlar, og sikra HMS ovafor tilsette.

#### Habilitering

Våren 2019 fekk tenesta fleire brukarar som hadde trong for meir tenester enn kva kommunen hadde føresett. Ein har i løpet av hausten 2019 dermed måtta arbeida med omfordeling innan tilgjengelege ressursar. Dette er ei brukargruppe som er avhengig av kontinuitet, stabilitet og føreseielege rammer. Å drive "Målretta miljøarbeid", med endringsfokusert tilnærming i høve åtferd, krev stabile rammer.

Eininga har fleire brukarar med 2:1 bemanning, og 1:1 bemanning. Medlevarturnus er godt etablert og har ført til god stabilitet. Lovverket om bruk av tvang er ressurskrevjande, utarbeiding av vedtak og oppfølging av desse krev tett oppfølging av leiar. Tenesta har eit tett og godt samarbeid med Habiliteringstenesta for vaksne funksjonshemma (spesialisthelsetenesta), der ein får råd, rettleiing og oppfølging rundt einskild brukarar.

Dagtilbodet i Bakken er omgitt av eit flott turterreng. I 2019 nytta 9 brukarar tilbodet 4 dagar i veka. Aktivitetane ein legg til rette for her er vedhogst for sal, matlaging, ulike hobbyaktivitetar, trim ol.

Fitjar kommune har framleis ekstraordinært høge kostnader knytt til nokre få ressurskrevjande brukarar, og leiinga møtte i 2019 både Fylkesmannen og kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland for å presentere situasjonen.

#### Institusjon FBB

Ein har gjennom heile 2019 hatt stor etterspurnad etter institusjonsplassar. I ombyggingsfasen har ein mesteparten av året hatt tilgjengeleg 22 plassar ved Fitjar

bu- og behandling senter. På grunn av budsjettsituasjonen og behov for å styre bemanning opp mot behov sette FBB i verk årsturnus frå mars 2019, med god verknad. Ein la opp til sal av 3 plassar til Stord kommune fram til september og to plassar til medio oktober, noko som gav ei inntekt på omlag 900.000,-

Pasientane flytta inn i ny demensavdeling medio september. Avdelinga er blitt romsleg og fin med delikate fargar og møblement. Romma er store med funksjonelle bad, med ny teknologi som kan lette stellesituasjonar, til dømes hev/senkbare toalett.

Det er investert i plattform for framtidens omsorgsteknologi som er teken i bruk.

Dagtilbodet for demente, vart under ombygginga flytta til eit hus på Tufteland. Frå medio november vart tilbodet flytta attende til FBB og ein styrka tilbodet frå tre til fem plassar.

FBB har eige institusjonskjøken. Maten har god kvalitet, er både fint laga til og smakfull, og er ein viktig nøkkel i god eldreomsorg og ernæring for pasientar/bukarar i Fitjar kommune. Måltida er som alt anna bistand retta inn mot individuelle tenester, der maten vert tilpassa ulike behov hjå brukarane. Kjøkken vart i 2019 med i prosjektet "Aktive saman" med tiltaket "matglede". Dette er eit samarbeid mellom frivilligheit, seniorsenteret og kjøken. I 2019 søkte kjøkenet klimasatsmidlar for å redusere matsvinn gjennom prosjektet "Menneske og maten". Prosjektet vert gjennomført i 2020.

## ETAT FOR OPPVEKST OG KULTUR

### Økonomisk resultat

Skule og oppvekst kjem ut med eit mindre-forbruk på 2,1 mill. Dette skuldast i hovudsak ei mindreutgift til statens pensjonskasse tilsvarande 1,0 mill. Dei ulike einingane har god økonomistyring. Grunnskulane og kulturskulen er om lag i balanse i høve til budsjett dersom ein ser bort frå tilbakebetalinga frå statens pensjonskasse. Fitjarstølane barnehage og kultursektoren går med eit lite underskot. Det er ulike grunnar til dette som skuldast ulike tilhøve ved drifta.

### Felles

I rådmannen sitt budsjettutkast vart det føreslått å overføra 7. trinnet ved grendaskulane til Rimbareid skule. Det låg også inne eit framlegg om å leggja ned Øvrebygda skule frå hausten 2020. I budsjettmøtet vart Øvrebygda skule sikra drift i heile økonomiplanperioden. 7. trinnet ved grendaskulane vart vedteken overført til Rimbareid skule. I løpet av 2019 blei det starta opp pilotar i bruka av dataverktøyet Chromebook ved alle skulane som ei førebuing til ei digitalisering av 1.-7. trinn frå 01.08.20. Målsetjinga med ei slik digitalisering er å gje elevane grunnleggjande ferdigheiter i digital kompetanse. I tillegg vil ein ha fleire moglegheter for å gje elevane god tilpassa

### Måloppnåing

Mål 2019	Omtale	Oppnådd mål for 2019
Utrulling av fase to i piloteringa av Chromebook. Skulane arbeider aktivt med å betra kvaliteten i den intensive opplæringa på 1.-4. trinn. Reduksjon av spesialundervisninga til 7 % i planperioden	Digitalisering i skulen vil gje tilsette fleire verktøy for tilpassa undervisning, og saman med tidleg innsats er målet å redusera behovet for spesialundervisning frå om lag 9 % til 7 %.	Utrulling av fase to gjennomført.
Realisere skulebruksplanen med strukturendring, bemanningsendring, fagtilpassing for elevane, og nybygg.	Overføring av 7. klassane til Rimbareid. Fagtilpassing ved overgang. Bemanningsjustering ved skulane	Intensiv opplæring betre organisert og forankra.
Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 15 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar 5. trinn. Antal grunnskulepoeng skal vera lik eller over snittet for Hordland.	Betre resultat på dei nasjonale prøvane på 5. trinnet i 2019 samanlikna med 2018. Talet på grunnskulepoeng auka frå 40,1 – 40,6. Litt under snittet for Hordaland	Spesialundervisninga redusert til 8% jf. GSI tal oktober 2019
Overføring av 7. klassane til Rimbareid. Fagtilpassing ved overgang. Bemanningsjustering ved skulane	Realisere skulebruksplanen med strukturendring, bemanningsendring, fagtilpassing for elevane, og nybygg.	Oppdraget er utført. Politisk sak i juni 2019
Betre resultat på dei nasjonale prøvane på 5. trinnet i 2019 samanlikna med 2018.	Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 15 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar 5. trinn. Antal grunnskulepoeng skal vera lik eller over snittet for Hordland.	Høg grad av aktivitet på ulike plan
Talet på grunnskulepoeng auka frå 40,1 – 40,6. Litt under snittet for Hordaland	Sjukefråværet i 2018 var på 5,98 %. Mål om å få det redusert ytterlegare.	Sjukefråværet har vore på 5,52 %

opplæring. Desse pilotane gir oss erfaringar og mogelegheit for justeringar undervegs slik at den samla overgangen hausten 2020 vil kunna gå føre seg på ein god måte. Kulturetaten vart frå 01.01.19 lagt inn under oppvekst. Frå 01.08.19 vart også helsestasjonen ein del av oppvekstsektoren. Det er mange føremoner med ei slik endring av organisasjonsstrukturen. Det fører til betre samarbeid og betre mogelegheit for målretta tverrsektorielle tiltak inn mot barnehagar og skular. Samarbeidet mellom skulekontoret, barnehagane, skulane, helsestasjonen og kultursektoren vert sikra gjennom faste månadlege samarbeidsmøte.


### Skulane

Barn og unge får eit godt kvalitativt skuletilbod i Fitjar kommune. Dei økonomiske rammene ein får tildelt vert nytta på ein god måte. 7. Klassane ved grendaskulane vart hausten 2019 overført til Rimbareid skule. Kommunen vart i 2019 tildelt om lag kr 936 000,- frå staten til auka lærarressurs på 1. 10. Trinn. Ressursane blei internt i kommunen fordelt ut til skulane etter elevtal og klassar. Fitjar kommune har gjennomført eit prosjekt for å utvikla skulebiblioteka og styrka skulebiblioteka sitt arbeid med lesestimulering og informasjonskompetanse. Til disposisjon for dette arbeidet fekk kommunen tildelt kr 494 500,- . Med utgangspunkt i kvalitetsplanen for skulane i Fitjar kommune gjennomførte skulekontoret dialogmøte med skulane Selevik, Øvrebygda og Rimbareid, med fokus på nasjonale prøvar, elevundersøkinga og § 9A i opplæringslova. Skulane har vore aktivt med i desentralisert kompetanseutvikling (Dekomp). Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland har regionen inngått eit samarbeid med Norsk lærarakademi som har bidrege inn med kompetanse. Kompetansehevinga har hatt fokus på inkludering og førebuing til innføring av ny overordna del og nye fagplanar frå hausten 2020. Ein har hatt særleg fokus på å få elevane til å bli nysgjerrige gjennom tilrettelagt, utforskande og praktisk undervisning. Kommunen har fått tilført kr 346 000,- frå fylket til dette arbeidet. Digitaliseringa (pilotane) er ein viktig faktor for å auka mogelegheitene for tilpassa opplæring. Her har ein starta eit

arbeid der målsetjinga er å få ned talet på elevar som treng spesialundervisning.

### Førebyggjande arbeid

Alle skulane og nokre barnehagar har i 2019 vore med i den nasjonale satsinga "eit inkluderande barnehage og skulemiljø". Dette er siste året kommunen får støtte frå sentralt hald i form av økonomi og




konferansetilbod. Det er kjekt å sjå at arbeidet gir resultat. Elevundersøkinga viser reduserte mobbetal i Fitjar kommune. Hausten 2019 vart Barnevakten invitert til å halda foredrag for elevane på 1.-7. trinn med fokus på digital kompetanse. Dette vert gjort som eit tiltak for å bevisstgjera barn og unge i deira møte med piloteringa av Chromebook. Skulane held fram med å nytta Zippys venner på 1.-4. trinnet, Det er mitt val på 5.-7. trinnet og MOT på 8.-10. trinnet for å førebyggja mobbing eller krenkelsar. Barnehagane har blitt meir medvitne i sitt arbeid med å avdekka krenkelsar/utestenging særleg gjennom observasjon i samband med leikeaktivitetar. Fitjar kommune har no lagt ut ein link på heimesida (kontakt meg) der ein kan melda ifrå om ei bekymring ein er uroa over slik at ein kan få hjelp.

### IKT i grunnskulen

Det vart kjøpt inn nye acespunkt ved dei skulane der behovet var størst. Dette for å ha ein infrastruktur som kan halda oppe eit sikkert nett når mange maskinar er koplå på samstundes. Dette året vart det også kjøpt inn 125 Chromebook maskinar til bruk for pilotane som starta opp i februar og august 2019. Samla investering kr 600 000,-. Det ligg i økonomiplanen årlege løyvingar på

600 000,- til digitalisering i oppvekstsektoren.



### Elevane sitt læringsutbytte

Resultata av dei nasjonale prøvane lesing og matematikk var tydeleg betre dette året. Her ligg kommunen no på landssnittet eller over. I engelsk ligg ein litt under snittet. Kommunen ligg under medelen på 8. trinnet i lesing, engelsk og matematikk, medan ein på 9. trinnet ligg likt eller over medelen. Det er positivt at det samla har vore ei betring i resultata frå 2018. Nasjonale prøvar og elevundersøkinga er tema for dialogmøte mellom den enkelte skulen og skulekontoret, for å setja fokus på tiltak til forbetringar. Eksamenskarakterane og talet på grunnskulepoeng vart litt under medelen. 100 % av elevane frå 10. trinnet vart overført frå grunnskulen til vidaregåande opplæring.

### Vaksenopplæringa

Opplæringa i norsk og samfunnsfag for flyktingane og andre grupper med rett og plikt til opplæring, gjekk føre seg i kultur og idrettsbygget fram til sommaren 2019. Dei fleste av flyktingane som Fitjar tok imot i perioden 2015 – 2017 har no fullført introduksjonsprogrammet og talet på personar med behov for norskopplæring har gått betydeleg ned. I tillegg ser ein et det er stor spreining i høve nivå på tilbodet for dei som er att. Av den grunn vart tilbodet i Fitjar avvikla til sommaren 2019. Frå august månad fekk dei resterande elevane eit undervisningstilbod ved vaksenopplæringa på Stord der Fitjar kommune kjøper desse tenestene.

### Kulturavdelinga

Det har gjennom året vore høg aktivitet på mange områder. Biblioteksjefen har vore koplå opp mot eit prosjekt for å utvikla

skulebiblioteka og styrka skulebiblioteka sitt arbeid med lesestimulering og informasjonskompetanse. Dette har knytt folkebiblioteket og biblioteka ute ved skulane sterkare saman. Biblioteket har i løpet av året hatt fire lesekampanjar (leseknappen, lesebingo, sommarles og lesekroken) Biblioteket har også lagt opp til aktivitetar inn mot barnehagane. Biblioteket hadde eit samla utlån på 13 307 bøker. Årskog museum har hatt fleire arrangement m.a. gjennom open dag og søndagsskulens dag. Arbeidet med restaureringa på Smedholmen er litt forseinka, men føl dei planane som ligg føre. Miljødirektoratet har i 2019 auka løyvingane til investeringane på Smedholmen slik at det no ligg føre eit samla tilsegn på kr 5 047 900,- + mva. til restaurering av hovudhuset, løa, sjøhuset og kårhuset. Det har parallelt med restaureringa gått føre seg arbeid med driftsplan og statuttar samt fleire synfaringar.

Galleri Losjen har hatt 5 utstillingar. 3 søknadar av i alt 7 spelemiddelsøknadar fekk positiv tilbakemelding. Her fekk Fitjar kommune inn i alt kr 1 324 000,- . Kulturprisen vart tildelt Ingolv Rimmereid. Kolerakyrkegarden har blitt oppgradert med skilting og ny sti. Ein har engasjert frivillige og NAV "Laget" til å gjera arbeidet. Ungdomsrådet har vore aktive gjennom heile året og markert seg med ulike arrangement (nattcup 16. mai, diskotek, LAN osv.) I tillegg engasjerer dei seg i politiske spørsmål jf. innspel til budsjettet for 2020.

### Fitjar kulturskule

Kulturskulen arbeider ut i frå sin tenesteomtale der visjonen er: Fitjar kulturskule skal vera ein kulturell ressurs for alle i Fitjar kommune. 2019 har vore eit flott år for Fitjar kulturskule med fleire konsertar og teaterførestillingar. I mars vart det gjennomført ei eiga barnehageførestilling, det har vore halde fleire konsertar og ei kunstutstilling. I desember vart det arrangert julekonsert i Fitjar kyrkje. Fitjar skulekorps har markert seg ved fleire høve. I samarbeid med Fitjar musikklag stod dei for ein flott Disney konsert, i tillegg har dei hatt fleire konsertar og delteke på lokale arrangement. Korpset tok ein strålande 2. plass under Fanafestivalen i 2. divisjon for skulekorps. Kulturskulen er i gong med utarbeiding av lokale læreplanar knytt til

rammeplanen. I Fitjar kommune har om lag 29 % av grunnskuleelevene plass i kultur-skulen. Då ligg kommunen likt med nasjonal målsetting på 30 %. Pr 12.10.19 hadde kulturskulen 158 elevplassar fordelt på 129 elevar.

### Barnehagane

Den samla kapasiteten ved alle barnehagane i kommunen gjer at Fitjar kommune ved hovudopptaket 2019 innfridde retten til barnehageplass. Dette året har barn fødde i september, oktober og november fått rett til plass. Fitjar kommune betalar ved utgangen av året for 2 plassar i andre kommunar. Samla har no 91 % (91,3 % nasjonalt) av barna 1-5 år barnehageplass. Talet på barn i barnehagane auka med 6 barn samanlikna med året før m.a. grunna tilflytting. Fitjarstølane barnehage er saman med to andre barnehagar med i den nasjonale satsinga «Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø.» Fitjarstølane barnehage er også med i regional kompetanseheving (Rekomp) der dei får fagleg rettleiing gjennom Norsk lærarakademi. Dei har gjennom dette samarbeidet fokus på kommunikasjon og språk der digitale hjelpemiddel inngår i utviklingsarbeidet. 50 % av dei tilsette i den kommunale barnehagen har godkjent barnehagelærerutdanning. Denne andelen dekkjer kravet i høve pedagognorma innført 01.08.18. Vernerunden som vart utført i Fitjarstølane barnehage 01.02.19 viser at barnehagen har store manglar på mange områder. Lite har vore gjort innvendig sidan barnehagen var ny midt på 80 talet. Det er behov for å vurdere ei rehabilitering/eit nybygg. I budsjett og økonomiplan 2020 – 2023 er det lagt inn kr 500 000,- til prosjektering og 24 mill. til rehabilitering/nybygg.

Fitjar kommune har gode rutinar for HMT i skulane og kommunal barnehage. Dette året har alle sendt inn risiko og sårbarheits-analysar for den daglege drifta. Dette har gitt god kunnskap for det vidare arbeidet

med å førebyggja «uønskte hendingar». Gjennom kvalitetslosen har skulane blitt flinkare til å melda frå om avvik. Rutinar for terskelen for å melda eit avvik må det arbeidast vidare med. Alle rektorane, barnehagestyrar og innafor kultur gjennomfører medarbeidarsamtalar med sine tilsette. I desse samtalan vert det m.a. sett fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet. Skulane og barnehagen har eigne møteplassar for dei tilsette med tanke på å skapa eit godt arbeidsmiljø. Arrangementa i regi av velferdsklubben verkar også positivt på arbeidsmiljøet.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet innan oppvekst og kultur dette året vore på 5,52 %. Sjukefråværet ligg under målsetjinga for Fitjar kommune som er på 6,0 %. Enkelte einingar ligg over denne grensa. Her må ein gå inn å analysere tala og setja inn nødvendige tiltak som kan få sjukefråværet ned.

### Personalsituasjonen og kompetanseheving

Samla er det 81,1 årsverk innafor oppvekst og kultur. Fordelt på 54 heiltidsstillingar og 45 deltidsstillingar. Einingane har tilsette som er godt kvalifiserte for dei arbeidsoppgåvene som dei utfører. Frå 1. august vart Siren Sevaldsen Fagerbakke tilsett som ny midlertidig styrar for 1 år. Resten av personalet er stabilt med mange års røynsle frå barnehagen. Kommunen har gode ordningar for vidare- og etterutdanning innafor skulesektoren. Dette året har 6 lærarar hatt frikjøp/stipendordning etter statleg / kommunal avtale. I tillegg har mange tilsette frå skulane og barnehagane vore på ulike kurs og nettverksamlingar i regi av FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland). Andelen av lærarar med universitets/høgskuleutdanning er no 100 %. Talet på menn innafor oppvekst og kultur er altfor liten. Ved tilsetjingar der kandidatane elles står likt vert menn "løfta fram".

# ETAT FOR PLAN-, UTVIKLING OG TEKNISK

## Plan, byggesak og oppmåling

### Økonomi

Avdelinga sitt økonomiske resultat er i ubalanse med 0,5 mill. Grunnen til dette er svikt i inntekter pga. av færre innkomne saker og planar. Målet om sjølvkost er ikkje nådd.

### Mål og måloppnåing

Mål 2019	Omtale
God kvalitet på saks- og kundebehandlinga tidleg i prosessane, rask sakshandsaming innan fristane i PBL.	Grundige og gode tilbakemeldingar på førespurnader
Balanse i sjølvkost.	Ikkje oppnådd i 2019 pga søknadsmengden
Utarbeide plan/tidsakse for oppfølging av ulovlege tiltak.	Ikkje gjennomført pga kapasitetsvanskar

Avdelinga har søkt å ha god kvalitet på saksbehandlinga, og å gje grundige og gode tilbakemeldingar på førespurnadar. Dette for at søknadar skal vera betre utgreidd og saksbehandlinga kan gå lettare. Nokre få saker har hatt for lang saksbehandlingstid.

### Året som gjekk

Avdelinga har behandla saker innan frist for saksbehandling. Noko tid går med til å gje tilbakemelding/etterlyse dokument i saker. Her kan digitale løysingar fram i tid hjelpe.

Mykje tid har gått til eit par klagesaker og ein særskilt krevjande VA-rammesøknad i Bøkjeneset.

Avdelinga har ikkje hatt kapasitet til å utarbeide strategi for tilsyn og har heller ikkje utarbeidd årleg rapport for slik verksemd i samsvar med lovpålagte krav. Avdelinga har heller ikkje i 2019 hatt kapasitet til å gripe tak i saker etter «Aksjon strandsone».

Det kjem inn søknader om dispensasjon frå eldre reguleringsplanar. Fleire av desse planane burde vore rullert og oppdatert.

### Oversyn over handsaming av saker

Nye reguleringsplanar har ikkje kome til ferdigbehandling i 2019. Dei fleste reguleringsplanar er private. Det er ferdigstillt ei mindre planendring i 2019, det er starta opp arbeid med to nye reguleringsplanar; Detaljregulering for Skålevik og områderegulering for Fitjar sentrum. Det er også starta opp arbeid med tre endringar av planar. Arbeidet med planen for Svartasmoget pågår framleis. Planen for Hegranset ser ut til å bli avslutta og heller innlemma i ny områdeplan for Fitjar sentrum.

I løpet av 2019 har avdelinga fått utført VA-rammeplan for infrastruktur på delområde på Årskog industriområde av Norconsult AS, og grunn- og miljøtekniske undersøkingar av sjøbotnen av Rambøll AS.

Avdelinga har behandla 99 søknader som omfattar 4 rammesøknader, 86 eitt-trinnsøknader og 9 søknader utan ansvarsrett. 69 av sakene hadde 3-vekers handsamingstid. Det vart handsama søknad om dispensasjon i 26 av sakene. Det vart bede om tilleggsdokumentasjon i 33 av sakene.

Det vart handsama 22 søknader om oppretting av grunneigedom tilleggsareal, arealoverføring mm, av desse er 2 dispensasjonssøknader. 20 oppmålingsforretningar og 2 eigarseksjoneringar.

Det vart gjeve 11 mellombels bruksløyve og 53 ferdigattestar i 2019.

Avdelinga har ikkje fast tilsett oppmålingsingeniør. Dette gir noko utfordringar i høve til kart- og vedlikehald av kartbasar. Markarbeid, tildeling av gards- og bruksnummer og administrasjon av matrikulering vert utført i samarbeid med Aukas.

På grunn av regionsreforma, utfasing av Gisline og innføring av kommunekart-proff,

var det eit omfattande omstillingsarbeid på kartsystem på slutten av året. Dette arbeidet vart utført i samarbeid med Stord kommune.

#### Overordna planarbeid

- Planprogram og Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040
- Planprogram og oppstart av ny reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Stadsanalyse for Fitjar sentrum, gjennomført av PIR II
- Interkommunal plan for strandsone i Sunnhordland, vart stoppa i Samarbeidsrådet for Sunnhordland i 2019.

#### Næringsutvikling

Kommunen har i 2019 særleg arbeida med næringsutvikling knytt til Årskog industriområde. Rapportar frå Norconsult AS og Rambøll AS for areal- og infrastruktur, sal av tomter og avtalar om framtidig sal av areal. Næringsprisen 2019 gjekk Engevik & Tislevoll AS. Realiseringa av Miljøgata i Fitjar sentrum var det største infrastruktur- og samferdselsprosjekt i 2019, noko som i byggefasen skapte nokre utfordringar for lokal handelsnæring. Fleire trafiktryggingstiltak vart gjennomført, med støtte frå Hordaland fylkeskommune.

#### Personalsituasjonen ved avdelinga

Avdelinga har 3,45 årsverk i 2019. Det vart tilsett ny leiar i 2019. Sjukefråværet var 4,4 %. Det er eit nært samarbeid med rådmannen og ulike sektorar i overordna planarbeid.

## Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor (SFLMK)

Stord og Fitjar landbruks- og miljøkontor har i tillegg til arbeidet for Stord og Fitjar også i 2019 levert tenester innan forvaltningsområda landbruk og vilt til Austevoll kommune. Det er i meldingsåret sett i gang arbeid med ein ny avtale om administrativt vertskommunesamarbeid, der Austevoll går inn i avtalen. Stillingsomfanget ved kontoret er det same som føregåande år, 4,6 årsverk. Sjukefråværet var 0,8 prosent.

Ei årsak til avviket er kostnader med hovudplan for skogsvegar for Stord-øya. Dette arbeidet vert fullført tidleg i 2020.

Fitjar har eit solid og veldrive landbruk, og samla produksjonsomfang for næringa er på om lag same nivå som året før. Jordbruksareal i drift vert halde ved lag, og ein ny driftsbygning for mjølkeproduksjon er under bygging på eit av gardsbruka i kommunen. Vekstsesonen var i 2019 betre enn på fleire år, og det vart gode grasavlingar.

Det vart totalt utbetalt kr 11 180 090,- i produksjonstilskot i jordbruket, fordelt på 69 søknader. Seks av søkjarane er samdrifter. Disponibel mjølkekvote for Fitjar er 2 363 478 liter, fordelt på 12 føretak. Fitjar kommune søkte Fylkesmannen om ekstra tilskotsmidlar til drenering, og fekk auka løyvingane frå kr 50 000,- til kr 128 300,-. Dermed kunne ein innvilga dei 7 mottekne søknadene om dreneringstilskot.

Det er berekna utbetalt kr 394 920,- gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram, med grunnlag i 18 søknader for 2019. Av desse er kr 53 580,- utbetalt til Fitjar beitelag og til Fitjarøyane beitelag, til organisert beitebruk.

I 2019 fekk Fitjar kommune tildelt kr 260 000,- i SMIL-midlar (Særskilte Miljøtilskot i Landbruket) frå Fylkesmannen i Hordaland. Medrekna ubrukne midlar frå året før og tilleggsloyving vart det løyvd kr 347 650,- til 9 ulike tiltak. Ei løyving gjekk til istandsetting av verneverdig bygg, fem til istandsetting av kulturlandskap og tre til restaurering av steingard. Prosjektet «Fjerning av sitkagran i Fitjarøyane» vert etter utarbeidd plan i 2010 vidareført ut 2020. Det er brukt kr 112 451,- til konkret fjerning av sitkagran i 2019.

Fitjar kommune er vertskommune for Vassområde Sunnhordland, og SFLMK har hatt koordinatorrolla i 25 % stilling i 2019. Arbeidet med å utarbeide Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 er godt i gang, og samstundes skal koordinatoren bidra til at dei 9 kommunane i vassområdet følgjer opp «Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021» og tiltaksprogram.

Fitjar kommune har i 2019 gjeve uttale til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om løyve til å etablere og drive akvakultur av tare på lokalitet Dyrholmen Vest og lokalitet Fossvika. SFLMK utførte sertifisering av verksemder som vil bli Miljøfyrtårn på vegne av kommunane Stord, Fitjar, Austevoll og Bømlo i 2019. I 2019 er det registrert hogst av 5 118 m<sup>3</sup> tømmer, som er ein auke i høve til året før. SFLMK har også dette året arrangerte kurs i bruk av motorsag. Det vart tildelt 188 fellingsløyve på hjort i 2019 og felt 166, som gir ein fellingsprosent på 88.

Veterinærvaktenesta i Stord vaktområde omfattar kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Austevoll. Kommunane har også i 2019 ytt tilskot for å sikra ei forsvarleg veterinærtjeneste og ei god vaktordning.

## Tekniske tenester

### Økonomi

Det har vore eit mindreforbruk på teknisk på kr 223 000,-.

Det har kravd stram økonomisk styring for å nå målet om økonomisk balanse.

### Mål og måloppnåing

- Rapport utbetring av gymsal Rimbareid vart utarbeida av Multiconsult.
- Prosjektering av ny brannstasjon og garderobeløysinga for VA i teknisk bygg vart gjennomført.
- Arbeidet med miljøgata vart gjennomført av SVV. Kommunen sin del i anlegget var skifte av alle tekniske VA anlegg i planområdet.

Mål 2019	Omtale	Oppnådd mål for 2019
Vedlikehalde og auka kompetansen blant mannskap, gjennom eigne øvingar og eksterne kurs. Tett samarbeid mellom fagfolka.	Ta att etterslep på vedlikehaldssida, særleg den kommunale bygningsmassen og veg.	Delvis oppnådd
Realisere byggeprosjekt som når måla for tenestene.		Oppnådd

### Året som gjekk

Vi har hatt høg gjennomføringsgrad for vedtekne investeringar i 2019

- Gatelys ved Sjoareset vart etablert
- Gang- og sykkelveg Brevik – Årskog langs FV 545 vart gjennomført av SVV
- Arbeidet med istandsetjing av bygningsmassen på Smedholmen haldt fram. Miljødirektoratet eig bygga på Smedholmen, Forsvarsbygg gje råd om renoveringa og Fitjar kommune har ansvar for prosjektleiinga.
- Arbeidet med ny sjukeheimsfløy ved FBB vart fullført.
- Etablering av hurtigladestasjon sentrum vart gjennomført. Prosjektleiing og delfinansiering frå Fitjar kommune.
- Arbeidet med VA-rammeplan og grunn- og miljøundersøkingar blei igangsett på Årskog
- Skifte av kunstgrasdekke og lysanlegg på kunstgras banen blei fullført
- Oppgradering av kontor på rådhuset vart gjennomført.
- Flytting av medisinerom Havnauset vart fullført
- Plenklippar vart kjøpt inn

## Drift

2019 har vore eit hektisk år for drift- og vedlikehaldspersonalet, med vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen. Over dei siste par- tre åra har kommunen fått over 15 nye bustader som skal tilpassast og haldast ved like. Avdelinga gjennomfører oppussing av leilegheiter ved Havnauset mv med i all hovudsak med eigne fagfolk.

Eigne tilsette og Haugaland Kraft har hatt vedlikehaldet av gatelys. Vintervedlikehaldet vert utført av innleigde entreprenørar. Eigne tilsette ute på strøppdrag kring sjukeheim, og skuleplass ved behov.

Vaktmeistertenesta har og ansvar for mottak, reparasjon og distribusjon av hjelpemidlar, montering av komfyrvakt og tryggleiksalarmar, nøkkel-boksar mv. til heimebuande med slike tryggleiksbehov. Vedlikehald av grønt-anlegga i sentrum er ivareteke med eigne ressursar. Driftsavtalen med Fitjar Idrettslag på grasbanen og kunstgrasbanen er vidareført.

## Personale

Teknisk sjef vart tilsett i 2019. Avdelinga har 10,12 årsverk. Samt 4,22 årsverk på reinhald. Dette inkluderer 3,1 stillingar på vaktmeistertenester, 1,3 stilling på park og veg, samt 5,9 stillingar på reinhaldstenester. Ein av vaktmeistrane har delteke på hjelpemiddel kurs, og to har tatt liftkurs. Teknisk avdelinga har ei 100 % stilling i administrasjon, inkl. stillinga som brannsjef. Tekniske tenester har hatt eit sjukefråvær på 4,9 %.

Det har vore meir fokus på HMT i 2019. HMT har vore fast agenda på møter og det er innført månadens HMT tema, der folk på teknisk sjølv har komme med ulike aktuelle tema.

## Vatn og avløp

### Mål og måloppnåing

Mål 2019	Omtale
Sikra trygg vassforsyning til kommunen, god kvalitet på drikkevatn, og så lite driftsavbrot på vatn og avløp som mogleg.	Trygg vassforsyning, lite driftsavbrot.
Utvida dekninga til nye område, og syta for tilfredsstillande standard på anlegga våre, både kva gjeld kapasitet og vedlikehaldsstandard.	Utvida dekninga til nye område, tilfredsstillande standard på anlegga

### Året som gjekk

- Arbeidet med hovudplan for VA fortsette, Norconsult er leigd inn for å utarbeida planen.
- Arbeidet med etablering av ny slamavskiller i Kuarvågen blei fullført
- Arbeidet med miljøgata/ ny VA løysing for Fitjar sentrum vart fullført, ferdigstilling var litt forsinka til 01.11.19
- Tetting av tak på utjammingsbasseng Vassverket er gjennomført.

### Drift

I 2019 vart 658 173 m<sup>3</sup> vatn reinsa og levert ut på nett. Dette er ein svak auke i høve til tidlegare, då det i 2019 vart levert 649 221 m<sup>3</sup>, og i perioden 2013-15 vart det årleg levert kring 530 000 m<sup>3</sup>. Ein må attende til 2006 for å finna tilsvarande levert mengde som i 2016-2017. Dette kan tyde på fleire lekkasjar på leidningsnettet, som vil bli fylgt opp i 2020. Til samanlikning vart det i 2002, før Dåfjordutvidinga og Kråko-utbygginga, levert ca. 1 050 000 m<sup>3</sup> vatn. Dette syner at eit systematisk arbeid med lekkasjesøk og utbetring fører til langt mindre, og meir stabilt, forbruk av vatn. Det har vore utført fleire beredskapsøvingar på vatn i 2019.

Ein har hatt 5 brot på vassleidningar i 2019. Analyseresultata syner god kvalitet på drikkevatnet i Fitjar.

Tilsette innan vatn- og avløp har gjort eit særst omfattande og viktig tilretteleggings-tilsyn- og rettleingsarbeid i 2019 knytt til utskifting av kommunalt VA anlegg i heile sentrumsområdet under miljøgata.

## Personale

Personalet har i 2019 vore på 4,9 årsverk.

Sterkt behov for renovering av teknisk bygg på Årskog. Det er ikkje tilfredsstillande garderobeforhold.

## Brann og feiarvesen

### Mål og måloppnåing

Mål 2019	Omtale
Vedlikehalde, og auka kompetansen blant mannskap gjennom eigne øvingar og eksterne kurs.	
Førebyggjande tiltak er å utføre tilsyn på bustader, og særskilde brannobjekt i samsvar med regelverk.	

## Økonomi

Det har vore eit meirforbruk innan området på ca. 70.000,- dette skuldast fleire utrykkingar og oppdrag.

### Året som gjekk

- Ny branttankbil tatt i bruk.
- Utarbeiding av detaljplanar/prosjektering for å ivareta pålegg frå Arbeidstilsynet på brannstasjonen, med framlegg om investering i ny brannstasjon.
- Medlemskap i Vest brann og redningsregion.

Utviklingstrekk innadann brannvernarbeidet dei seinare åra syner eit breiare spekter av oppgåver. Ein har no arbeidsoppgåver både innan overflateredning, akutthjelp, forureining brannvern, og PLIVO.

Av brannar i 2019 kan ein nemne brann i trafostasjon, brann i deponi på gjenvinningsanlegg, brann i båthamn, og branntilløp i varehus. Totalt var det 47 utrykkingar, mot 30 i 2018, 32 i 2017. Seks oppdrag var helseoppdrag. Ti av utrykkingane er eit unormalt høgt tal innan automatisk brannalarm. Dette gjeld eitt objekt, saka er tatt opp med representant for næringsaktør.

Det har også i 2018 vore arrangert "open dag" på brannstasjonen på hausten, med deltaking frå Haugaland kraft.

Fitjar kommune har avtale med Stord kommune om tilsyn og feiing, denne vart sagt opp i 2019 grunna auken i kostnadar. Det har vore lovbestemt tilsyn på våre særskilde brannobjekt, i samsvar med risikovurdering.

## Personale

Fitjar brann- og redning har brannsjef og 15 deltidsmannskap, 9 av desse er godkjent som røykdykkarar, og 11 av desse har førarkort kl 2, og er godkjent som sjåfør på utrykkingskøyretøy, kode 160.

Mannskapa i brannvesenet har gjennomgått retrening med stiftinga Norsk luftambulans, mannskap har og delteke på PLIVO øving/opplæring, og vedlikehalds trening i utrykkingskøyring. Brannsjef og utrykkingsleiar har rettleia kriseleiinga gjennom øving i 2019. Frammøte ved utrykkinga og øvingar er god, og ein har eit motivert mannskap. Det er ikkje sjukefråvær i brannvesenet i 2019.

## ADMINISTRASJON

### Måloppnåing

Mål 2019	Omtale	Oppnådd mål for 2019
Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar og vil gje raskare sakshandsaming. Fitjar kommune skal ha lågaste administrasjonskostnadar av kommunane i Sunnhordland.	<i>Redusert 0.5 årsverk i sentraladministrasjonen og auka prosjektinntekter på faste stillingar i 2019.</i>  Av 99 byggesaker er 98 sakshandsama innan fristane for gebyr. For saksbehandlingstid sjå Plan- og utvikling. Kommunen har tatt i bruk Office 365 med Teams for lettare tverrfagleg arbeid.  Administrasjonskostnadar vert samanlikna med om lag jamstore kommunar i Sunnhordland.	
Utvikla og vedta plan for digitalisering i Fitjar kommune i 2019.	<i>Er gjennomført</i>	
Sjukefråværet skal vera under 6 %	Sjukefråværet for 2019 for heile Fitjar kommune var 7,1 %, ein reduksjon på -0,4 %. 12 av 22 einingar/avdelingar har under 6%	


### Økonomisk resultat

Ansvar	Forbruk	Budsjett	Avvik
Administrasjon	12 697 262	12 791 462	94 200

Administrasjonen og politisk leiing har levert eit økonomisk resultat i balanse.

### Strategisk leiing

Rådmann er kommunen sin administrative toppleiar. Strategisk leiing er samansett av rådmann, ass. rådmann, økonomisjef, etatssjef for oppvekst og kultur, og etatssjef for helse- og omsorg.



### Personalavdelinga

Personalavdelinga har 1,8 årsverk, der ass. rådmann er ein av desse. Faglege prioriteringar er personalpolitiske planar, lønsforhandlingar, sjukefråværsoppfølging, HMT, partsamarbeid med hovudtillitsvalde, leiarutvikling og juridisk rådgjeving.

### Kundetorget

Kundetorget har i 2019 hatt 2,4 årsverk. Prioriterte arbeidsoppgåver er sentralbord, post- og journalføring, sak- og arkivansvar, politisk sekretariat, innsynskrav, kontaktpersonar for ulike tilsyn og forvaltningsrevisjon.

### IT-avdelinga

IT avdelinga har 3,6 årsverk inkludert lærling. Faglege prioriteringar er drift av kommunen sine IT system, leverandørdialog. Særlege satsingar i 2019 er knytt til måla for omstilling i organisasjonen: Plan for digitalisering, innføring av nye IT løysingar til dømes chromebook og velferdsteknologi, for beredskap og i teknisk sektor.

### Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har 2,9 årsverk. Hovudoppgåvene er budsjett og

økonomiplanen, tertialrapportering, fakturabehandling, pensjonsrettlegg, controller, rekneskap, eigedomsskatt, lån- og gjeldsforvaltning og rapportering av dette. Eigedomsskattekontoret ligg også til avdelinga.

### Beredskap

Kommunen har beredskapsråd, kriseleiing, psykososial krisegruppe og Fitjar brann- og redning. I 2019 er det gjennomført fire øvingar i kriseleiinga og to av desse saman med Fylkesmannen. Vi innførte i 2019 den årlege "Beredskapsveka" for heile organisasjonen. Rådmannen leiar kommunen sin beredskap.

### Tilsyn

Det er gjennomført følgjande fem tilsyn frå fylkesmannen med Fitjar kommune i 2019. Fire av fem tilsyn fann avvik, som er under lukking.

- Miljøretta helsevern
- Barnehageloven § 19g
- Kommunal beredskapsplikt.
- NAV – ivaretaking av barns interesser i saksbehandling.
- Fitjarstølane barnehage (ikkje avvik)

## INVESTERING

Fitjar kommune har investert for 55,3 mill. i 2019. Det var budsjettert med investeringar for 34,2 mill. i 2019. 23,3 mill. vart finansiert av mottatte tilskot. Til samanlikning vart det investert for 14,6 mill. i 2018.

I 2019 var det høg grad av gjennomføring av vedtekne investeringar.

- Ny fløy FBB, og utviding av byggeprosjektet pga. av lekkasjar i tilstøytande bygg.
- Hurtigldestasjon sentrum
- Digitalisering i oppvekst og helse
- Garderobe brannstasjon og VA-forprosjekt
- Planlegging infrastruktur og grunnundersøkingar Årskog Industriområde
- Nytt dekke kunstgrasbane
- Lysanlegg kunstgrasbane
- Div småanlegg vatn.
- Avlaup småanlegg
- Vatn Sentrum - miljøgata
- Avløp Sentrum - miljøgata
- Veg sentrum - miljøgata

- Restaurering Smedholmen
- Plan- og prosjektering av utbetring gymsal Rimbareid - forprosjekt
- Oppmåling kloakk
- Oppmåling vatn
- Avløpsanlegg Kuarvågen
- Tankbil for Fitjar brann- og redning
- Flytte medisinrom Havnahuset
- Plenklippar

Dei aller fleste investeringsprosjekta er realisert innanfor budsjettert investeringsramme. Nokre få prosjekt har fått utvida ramma av kommunestyret i eigne saker i løpet av året. Dette gjeld m.a.

- Miljøgata
- Avløp Kuarvågen
- Fitjar bu- og behandlingssenter (FBB) alarmsystem/ digitalisering.
- Vasslekkasje FBB, rehabilitering av 6 rom.

Nokre investeringar er starta opp i 2019, og vert vidareført det komande året:

- Eks "Attraktive sentrum" med ny reguleringsplan for Fitjar sentrum, og Hovudplanar VA



Foto: Randi Karin Habbestad